

Voss Utferdsdag



NVE, Konsesjonsavdelinga,
Postboks 5091 Majorstua,
0301 OSLO

Dykker referanse: 201005093-10
Saksnr: 201207507

Høyringsuttale Bjørndalen Kraftverk.

Voss Utferdsdag har nedfelt i sine vedtekter at laget skal arbeida for å verna om naturen slik at komande generasjonar kan oppleva urørt natur. Av den grunn ynskjer laget å gje høyringsuttale om konsesjonssøknadene i Vossapakka.

Prosjektet ligg i eit område ligg mellom to INON soner. Ein må prøve unngå inngrisen i og nær inngrepsfrie soner. Kraftverket er tenkt bygd i eit flott naturområde nytta til tur og rekreasjon. Vegen til stølane er i dag lite opparbeid og innbyr i større grad til vandring enn bruk av bil. Brukarverdien vil bli øydelagt ved ei utbygging her. Utbygging inneber redusert vatn i elv og store sår i området etter anleggsveg med meir. Neddemt areal blir omtrent 600 m² og ein permanent veg med bredde 6 m frå anleggsvegen til kraftstasjonen, ryddebeltet i forbindelse med vegen vil være om lag 15m. Nedgrave røyrgate på 1200 m med ryddefelt. I anleggsfasen ryddebelte på 5 -10 meter langs vegen i tillegg til eksisterende veg, og 20 – 25 meter i siste del. Samla vil utbygginga gje store sår i naturområdet. Vatn i røyr gjev større fart på vatnet og reduserer naturleg absorbering av vatn. Dette vil være negativt for Teigdalselva og Evangervatnet som har kjente vanskar med flaum og erosjon.

Dei siste åra har det vore utøvd ein politikk som har redusert tilgangen på urørt natur lokalt betrakteleg. Med bakgrunn i stor utbygging i vassdrag i Noreg, Vestlandet og området Voss kommune vil ein få i frå konsesjon til fleire. Føreliggande søknad gir liten effekt sett i forhold til dei negative konsekvensane av utbygging. Her er potensielt stort tap av urørt natur, med inngrisen i naturmangfaldet og dei konsekvensar det har for notid og framtid. Ein må og ta inn over seg at utbyggingane kan være med å endre flaumbiletet i negativ retning då det å legge vatn i røyr og tunell vil være å lede det vekk frå naturleg miljø for absorbering. Større mengd vatn, med større fart vil påverke flaumbilete.

I søknader viser ein til at andre stader i kommunen kan bøte for tap av art, naturområde, naturtype. Det er ei bekymring at enkeltprosjekt ikkje tek inn over seg at det samla vert svært vanskeleg å avbøte på denne måten. Ein ber om at ein ser Voss Kommune under eitt, med konsekvensar for totalbiletet.

Sår i naturen vil ikkje revegeterast raskt. Inngrepa er store med bygging av røyrgate, anleggsveg, anleggspllass, og kraftverk etc. Vannjolo, Tesjolo og Gosland utbyggingane er eksempel på kor skjemmande det vil bli visuelt og for friluftsliv.

I området Voss er det mykje utbygging, og området Brekkhus er allereie sterkt påverka av utbygging. Me meiner at det viktig å vektlegge kor viktig urørt natur for mangfaldet, og til friluftsliv og rekreasjon.

Voss Utferdsdag tilrar at Bjørndalen Kraftverk ikkje vert gjeven konsesjon.

Voss Utferdsdag



Voss 09.03.2017

Richard J. Jacobsen
Styreleiar

Toril Hunnålvatn
Dagleg leiar